




Møre og Romsdal
fylkeskommune

Herøy vidaregåande skule

Årsmelding skoleåret 2022-23



Innholdsliste

1. Rektor har ordet	2
2. Nøkkelopplysningar om skolen	3
2.1 Organisasjonen	3
2.2 Utdanningsprogram og elevtal	4
2.3 Inntak vg1 - føresetnader	5
3. Læringsmiljø	6
3.1 Skolen sine kommentarar og analyse av resultat frå Elevundersøkinga	6
3.1.1 Kvalitetsmeldinga sine målsetjingar i eleveundersøkinga	7
3.2 Skolen sine kommentarar og analyse av læringsmiljøet	8
3.3 Skolen sine kommentarar og analyse av vurderingspraksis, elevdemokrati og medverknad	8
4. Skoleårsresultat	10
4.1 Fullført og bestått - skoleårsgjennomføring	10
4.2 Karaktarsnitt	12
4.3 Fråvær	13
4.4 Elevar som har slutta	14
4.5 Overgangar	15
5. Leiing og profesjonsutvikling	17

1. Rektor har ordet

Skuleåret 22 -23 hadde Herøy vidaregåande skule 240 elevar fordelt på følgjande utdanningsprogram: Bygg- og anleggsteknikk, Helse- og oppvekstfag, Naturbruk, Teknologi- og industrifag, Restaurant- og matfag og Påbygging til generell studiekompetanse. I tillegg hadde skulen deltakarar på vaksenopplæringa i programområdet HO (15 deltakarar). Herøy vgs. er også privatistiskule for Søre Sunnmøre. Mesteparten av opplæringa foregår i skulen sine egne lokale. I tillegg til at vi leiger kroppsøvingslokale med Herøy kommune, leiger vi også lokasjonar i Nørvågen til praktisk opplæring for Naturbruk. Dette fungerer godt. Bygningsmassen totalt sett har ulik standard. Tilstandsvurderingane for bygga viser at det er behov for nye lokasjonar. I denne årsmeldinga kommenterer eg resultat vi har oppnådd sett i lys av Fylkesstrategi for kvalitet i opplæring i Møre og Romsdal 2022 , skuleeigar sitt oppdragsbrev til Herøy vgs og vår eigen handlingsplan som byggjer på dei to føregåande dokumenta. Herøy vgs. er ein skule med stor breidde i tilbod innan yrkesfagleg opplæring. Vi ønskjer å utdanne ungdom i tråd med næringslivet og ungdomane sine ønskje. No ser vi at mange bransjar har behov for den arbeidskrafta ungdom representerer. Det er viktig at vi gir så god yrkesretteleing som mogleg og at opplæringa treff best mogleg elevane sine behov og også offentleg og privat næringsliv sine behov for arbeidskraft. Dette skuleåret vart ordinært fráværsglement (som før pandemien) og eksamen igjen innført. For mange vart dette ein noko bratt læringskurve.

Resultata våre vert kommentert i årsmeldinga. Vi ønskjer å vere ein skule som treff elevane med relevant og god utdanning. Til dette treng vi kompetente og motiverte medarbeidarar. Vi legg også vekt på å vere ein arbeidsplass der fagleg utvikling er ein del av kvardagen for våre tilsette, slik at Herøy vidaregåande skule stadig vert betre rusta til å ta imot ungdomane som vel oss som utdanningsinstitusjon.

Ester Sørdal Klungre
rektor

2. Nøkkelopplysningar om skolen

2.1 Organisasjonen


Tal på årsverk pedagogisk tilsette	37
Tal på årsverk i leiarstillingar	5
Tal på årsverk andre tilsette	11,78

I pedagogisk personale er kjønnsfordelinga slik: 17 menn og 28 kvinner.

I andre tilsette er kjønnsfordelinga slik: 2 menn og 15 kvinner. I kategorien «andre tilsette» finn vi assistentar, merkantilt personale, reinhaldarar, kantinepersonale.

Leiinga: 3 menn og 2 kvinner

Organisasjonskart for Herøy vgs 22–23



2.2 Utdanningsprogram og elevtal

Utdanningsprogram	Vg1	Vg2	Vg3	Total
Bygg- og anleggsteknikk	9	10		19
Helse- og oppvekstfag	42	33		75
Naturbruk	14	20		34
Restaurant- og matfag	11	9		20
Teknologi- og industrifag	29	37		66
Påbygg generell studiekomp.			26	26
Total				240

Tal på elever med vedtak om særskilt språkopplæring	27
---	----

Herøy vidaregåande skule (HVS) tilbyr fem yrkesfaglege utdanningsprogram i tillegg til vg3 Påbygg til generell studiekompetanse. Elevane er jamt fordelt på dei ulike tilboda, men strukturen i vidaregåande skule og kjønnsrollemønster i samfunnet generelt gjer at tilboda er ganske kjønnsdelte. For HVS finn ein klar overvekt av jenter på HO-tilboda og klar overvekt av gutar på NA, TIF og BA. På RM er der meir jamn fordeling.

Skuleåret 22-23 hadde vi mange med vedtak om rett til særskilt språkopplæring (over 10%).

I tillegg til elevtalet oppgjeve i tabellen hadde vi 15 vaksne deltakarar på vaksenopplæring i vg2 Helsearbeidarfag og vg2 Barne- og ungdomsarbeidarfaget, organisert gjennom ressursenteret ved skulen.

2.3 Inntak vgl – føresetnader

2.3.1 Karakterpoengsum frå grunnskolen

	2021-22	2022-23	Fylket 2022-23
0 eller ingen	4,6%	5,2%	2,9%
0 - 25	2,7%	1,7%	1,3%
25 - 30	11,1%	12,2%	3,8%
30 - 35	18%	16,5%	9,6%
35 - 40	19,9%	20%	15,2%
40 - 45	23,4%	24,8%	22,4%
45 - 50	14,6%	13,9%	23,3%
Over 50	5,7%	5,7%	21,4%

2.3.2 Karakterpoengsum frå grunnskolen siste fem år

	2018-19	2019-20	2020-21	2021-22	2022-23
Herøy vgs	36,1	36,5	37,7	38,6	38,6
Fylket	41,5	41,8	42,4	42,9	43,3

2.3.3 Skolen sine kommentarar og analyse

Tabellen viser at HVS har lågare inntakssum til vgs frå grunnskulen enn snittet i fylkeskommunen. 36,5% av elevane hadde eit karaktersnitt lågare enn 3,5. Dette seier noko om særleg teoretisk grunnkunnskap elevane kjem inn med. Vi ser likevel at mange elevar opplever god meistring når dei får starte på ei praktisk utdanning.

Tabell 2.3.2. viser at karakterutviklinga frå grunnskulen samla sett samanlikna med fylkesnivået. HVS ligg klart under her også. Skuleåra 19-20, 20-21 og 21-22 vart ikkje avslutta med eksamen, dette kan forklare noko av stiginga vi ser her.

3. Læringsmiljø

Læringsmiljø vg1-vg3 endring fra fjoråret etter Enhet

Velg skole og trinn

Enhet


Herøy vidaregåande skule Avd Fosnavåg

Trinn

Vg1

Snitt på hovedgruppe spørsmålene for Herøy vidaregåande skule Avd Fosnavåg

Skoleår ● 2021-22 ● 2022-23



[Sjå resultat frå Elevundersøkinga her.](#)

3.1 Skolen sine kommentarar og analyse av resultat frå Elevundersøkinga

Elevundersøkinga for 2022-2023 viser ikkje stor endringar frå året før. Vi ser noko auke på trivsel og meistring, medan fagleg utfordring og læringskultur har ein svak nedgang. Sidan Utdanningsdirektoratet har gjort det umogleg å analysere resultatata på klassenivå, vart det vanskeleg å arbeide konkret med årets undersøking. Det samla resultatet er likevel bra for HVS. I skulen sin handlingsplan er vurderingsarbeid og elevmedverknad satsingsområde, og undersøkinga viser at dette er noko vi framleis må arbeide meir med.

3.1.1 Kvalitetsmeldinga sine målsetjingar i elevundersøkinga

	Målsetjing kvalitetsmeldinga	Resultat Herøy vgs haust 2022
Meistring	4,5	4
Støtte frå lærar	4,1	4,2
Fagleg utfordring	4,4	4,1
Elevdemokrati og medverknad	4	3,5
Vurderingspraksis	3,5	3,5
Utdanning og yrkesretteiing	3,5	3,5

I forhold til målsetjingane i Fylkesstrategi for kvalitet i opplæring i Møre og Romsdal 2022 – 2026, viser tabellen over korleis HVS kjem ut på nokre område. Vi ligg noko under på områda meistring og faglege utfordringar. I dei andre måla her ligg vi anten på eller over målsetjingane i kvalitetsmeldinga.

I forhold til føresetnadene til elevane er dette ganske bra. Skulen bør likevel arbeide for at elevane i større grad opplever faglege utfordringar i skulekvardagen enn det undersøkinga viser. Så må vi også ta høgde for at undersøkinga vart gjennomført i god tid før første termin vart avslutta, og at elevane kanskje hadde ei anna oppleving seinare i skuleåret.

3.2 Skolen sine kommentarar og analyse av læringsmiljøet

	Tal
Tal på aktivitetsplanar etter § 9A-4 i opplæringslova	3
Tal på aktivitetsplanar etter § 9A-5 i opplæringslova	0
Tal på enkeltvedtak etter § 9A-7 i opplæringslova	0

Herøy vgs. ønskjer at alle elevar skal oppleve skulemiljøet som trygt og godt. Alle tilsette skal arbeide med dette som målsetjing. Det førebyggjande arbeidet i klasserom og verkstad er det viktigaste arbeidet for å skape dette miljøet. Likevel vert det kvart år avdekt utfordringar som elevane møter på. Skulen sine system rundt klassen og den einskilde eleven arbeider godt for å avdekke, undersøkje og sette inn passande tiltak. For skuleåret 22-23 såg vi ein markant auke i elevfråværet. Dette kan ha samanheng med innføring av ordinært fråværsreglement att etter pandemien. Høgt fråvær kan også henge saman med andre vanskar hos eleven. Dette er kontaktlærar og rådgjevingsteneste særleg vakne for.

3.3 Skolen sine kommentarar og analyse av vurderingspraksis, elevdemokrati og medverknad

	Tal
Møte i Elevråd (inkl. møter i elevrådsstyret)	15
Møte i skulemiljøutval	
Møte i skoleutval	2

	Ja/nei
Er skulemiljøutval og skoleutval slått saman?	Sjå merknad

HVS har i mange år hatt egne AU (arbeidsutval) for elevane. Det er organisert slik at tillitselevar møter sine avdelingsleiarar klassevis, slik at tema klassen ønskjer å fremje når leiinga greitt. I tillegg arbeider vi med å få klassemøta og elevrådsarbeidet til å fungere slik at kommunikasjon og innspel skal gå begge vegar. Dette er eit utfordrande arbeid, men elevmedverknad er eitt av satsingsområda til skulen. Dette gjeld også i vurderingspraksisen til skulen. Det er viktig at elevane vert involverte i planlegging og vurdering av eige arbeid, slik at vurdering og læring vert opplevd å høyre saman. Skulen har ikkje eige skulemiljøutval, men skuleutvalet har elevrepresentantar og skulemiljøsaker vert tekne opp der også.

4. Skoleårsresultat

4.1 Fullført og bestått – skoleårsgjennomføring

4.1.1 Fullført og bestått, prosent

Fullført og bestått skoleåret 2022-23, prosent	86%
--	-----

4.1.2 Fullført og bestått fordelt på trinn og utdanningsprogram, prosent

Utdanningsprogram:	Vg1	Vg2	Vg3	Total
Bygg- og anleggsteknikk	100%	70%		83,3%
Helse- og oppvekstfag	89,5%	90,3%		89,9%
Naturbruk	100%	95,2%		97,1
Restaurant- og matfag	62,5%	100%		78,6%
Teknologi- og industrifag	89,3%	85%		86,8%
Påbygg generell studiekompetanse			64%	64%
Total				86%

4.1.3 Fullført og bestått siste fem år, prosent

	2018-19	2019-20	2020-21	2021-22	2022-23
Herøy vidaregåande skule	81,6%	86,2%	90,6%	88,5%	86%
Fylket	87,9%	91,2%	91,4%	89,6%	87,9%

4.1.4 Skolen sine kommentarar og analyse

Hovudoppgavet til vidaregåande skule er å få flest mogleg elevar gjennom opplæringa med fullført og bestått kompetansebevis/vitnemål. I handlingsplanen for Herøy vgs. har skulen som mål at minst 85% skal få fullført og bestått opplæring. For sist skuleår klarte

86% av elevane dette. Med så lågt snitt i inngangskaraktarar frå ungdomsskulen er dette eit høgt tal. Vi arbeider likevel aktivt for at endå fleire skal klare dette.

Gjennomføringa i pandemi-åra ligg endå høgare, dette heng nok saman med at eksamen ikkje vart gjennomført desse åra.

4.2 Karaktersnitt

4.2.1 Karaktersnitt fordelt på utdanningsprogram

Utdanningsprogram	Karaktersnitt
Bygg- og anleggsteknikk	3,49
Helse- og oppvekstfag	3,95
Naturbruk	4,23
Restaurant- og matfag	3,83
Teknologi- og industrifag	3,83
Påbygg generell studiekompetanse	3,36

4.2.2 Karaktersnitt siste fem år

	2018-19	2019-20	2020-21	2021-22	2022-23
Herøy vidaregåande skule	3,73	3,71	3,85	3,92	3,85
Fylket	4,10	4,22	4,26	4,24	4,20

4.2.3 Skolen sine kommentarar og analyse

Karaktersnittet på Herøy vgs. ligg under fylkesgjennomsnittet. Dette er ikkje overraskande med tanke på at vi i hovudsak har yrkesfag og inntakskarakterane frå grunnskulen i snitt ligg lågt.

4.3 Fråvær

4.3.1 Fråvær, gjennomsnittleg dagar og timar. Totalfråvær i prosent per trinn

	Fråvær, dagar	Fråvær, timar	Totalfråvær, prosent
Totalt			
Vg1	11	25,6	8,5%
Vg2	7,5	20,7	6,1%
Vg3	11	22	8,5%
Vg4			

4.3.2 Totalfråvær siste fem år, prosent

	2018-19	2019-20	2020-21	2021-22	2022-23
Herøy vidaregåande skule	4,9%	3,4%	3,1%	3,4%	7,4%
Fylket	4,8%	3,5%	2,5%	2,7%	6,6%

4.3.3 Skolen sine kommentarar og analyse

Fråværet skuleåret 22-23 ligg for høgt. Alle elevane (anten dei var i ungdomsskule eller vgs i pandemiåra) fekk det meste av fråværet sletta pga endra forskrift. Når no ordinær fråværsforskrift vart gjort gjeldande frå 22-23 att, ser vi at mange elevar framleis tenkjer annleis om frammøte/fråvær. Vi ser også ei trøttheit frå helseetaten når det gjeld å skrive ut attestar for korttidsfråvær. Dette er ikkje ei god ordning.

4.4 Elevar som har slutta

4.4.1 Elevar som slutta skoleåret 2022-23

Prosent	Tal
3,1%	7

4.4.2 Elevar som har slutta siste fem år, prosent

	2018-19	2019-20	2020-21	2021-22	2022-23
Herøy vidaregåande skule	4,7%	3,2%	3,4%	1,9%	3,1%
Fylket	3,0%	2,7%	2,2%	3,1%	3,1%

4.4.3 Skolen sine kommentarar og analyse


Sju elevar slutta ved Herøy vgs. skuleåret 22-23. Årsakene er varierte (permisjon, fått seg arbeid, personlege årsaker og høgt fråvær). Skulen nyttar mange tiltak for å prøve å unngå eit avbrot, men når det ikkje er til å unngå sikrar vi eleven i avklaringsmøte der OT er med, slik at eleven ikkje skal gå ut i ukjend aktivitet.

Høgt fråvær kan vere årsak til avbrot. Målet er å vere tett på elevane slik at nærværet vert så høgt som mogleg.

4.5 Overgangar

HVS har eit godt samarbeid med ungdomsskulane i regionen. I samband med yrkesorienteringa deltek avdelingsleiarar og rådgjevingstenesta aktivt opp mot særleg 9.klassingar og 10.klassingar. Dette gjeld både for open dag, karrieredagar, hospiteringsdagar, føresettemøte for 10.klasseføresette og andre avtalar som vert gjort. Skulen og PPT har også møte med rådgjevingstenesta / leiing på ungdomsskulane. I overgang frå vg2 til vidare utdanning skjer det mykje godt arbeid i faget YFF. Elevane får prøve ut faget sitt i praksis i ulike bedrifter; dette er også god førebuing til ev. lærekontraktar. Vi ser at dei elevane som mest vel vg3 Påbygg kjem frå HO. Elevane frå TP og NA er dei programområda som sender flest elevar ut i lære (sjå figur under).

Fordeling i kategorier etter overgangen fra Vg2 yrkesfaglig 2023



Dei vidaregåande skulane har no fått knytt til seg formidlingskoordinator som skal hjelpe til i arbeidet med formidling til læreplass. Dette arbeidet har ikkje kome heilt i gong enno, men vi har gode forventningar til at dette kan verte bra.

5. Leiing og profesjonsutvikling

HVS har faste møtestrukturar som set kjerneverksemda på dagsorden:

- Faste leiarmøte kvar veke der driftsteknikar er med jamleg
- Fellesmøte to gongar pr mnd. der heile personalet eller pedagogisk personale tek opp aktuelle saker, også knytt til skuleutvikling
- Områdemøte ca. ein gong i månaden der avd.leiarane møter tilsette på sitt programområde
- Felles møtedagar der vi finn rom for det, med fordjuping i pedagogiske tema og satsingsområde i handlingsplanen vår.
- I orienterings- og drøftingsmøte og i AMU er det stor takhøgde for at alle kan løfte fram tema ein ønskjer å fremje.

Leiardialogen to gongar i året med skuleeigar opplevast som ein positiv arena. Eit blikk som ikkje står i den daglege drifta set i gong refleksjonar som er konstruktive.

Det er fleire lærarar som er inne i etterutdannings- eller vidareutdanningsløp. Vi ønskjer sjølvsagt kompetente medarbeidarar som kan vere med å løyse dei oppgåvene som er viktige for oss. Ein lærar avslutta PPU-Y våren 2023, to lærarar var midtvegs i si PPU-Y-opplæring. To lærarar fullførte si vidareutdanning med 60 studiepoeng i spesialpedagogikk og ein lærar tok vidareutdanning i programmering/koding.

I tillegg til dette deltek personalet i fagdagar og nettverksmøte initiert av skuleeigar.

Temaet psykisk helse er aktuelt på så mange måtar i vidaregåande skule. På planleggingsdagen i januar -23 hadde vi fagdag om førebygging mot sjølv mord. Ein sterk og viktig dag, der kollegiet vårt vart utfordra av kursleiar Annie Norevik.

Leiinga arbeider tett i dagleg drift og i fast møtestruktur. I tillegg deltek ein på skuleeigar sine leiarsamlingar gjennom året, jf. Fylkesstrategi for kvalitet.



Møre og Romsdal
fylkeskommune

mrfylke.no